



Frammøtet var imponerende under første opningskvelden i haust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

For eitt år sidan sette vi spørsmålsteikn bak denne overskrifta. Det er det ingen grunn til lenger.



Intenst engasjement framfor skjermen.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

På opningskvelden onsdag møtte det fram 20 ungdommar frå 8. klasse til 18 år og ungdomsleiar Geir Remme var svært godt fornøgd. Han håpar og trur at frammøtet vil halda seg på onsdagane framover. Opningstida er frå klokka 18 til 22.30.

Ungdomsklubben i Uskedalen, som no er inne i sin ellefte sesong, heiter Zacko etter zacko-sekkane som ungdommane boltra seg på i si tid. Det er gjennom åra med Geir som drivkraft gjort ein stor innsats med restaurering og oppussing i dei fem romma som klubben disponerer og som har inngang frå baksida av Gamleskulen. Dei har vorte trivelege og har fått eit særpreg. Kommunen leiger romma av huseigaren Uskedalen Utvikling..



Håvard Steinsvik ved biljarden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men førre vinteren tok klubben tok til å skranta. Frammøtet svikta slik at sesongen vart avslutta ein måned tidlegare enn vanleg. Geir slog for eitt år sidan fast at det måtte gjerast grep for å få til ein ny giv. Og etterkvart utover hausten tok besøket seg kraftig opp og heldt seg vinteren igjennom. Den nye giv var kraftig og gledeleg.

Kva var det så som skjedd? Det gjekk ikkje lenger å lokka med berre biljard, kortspel og TV. Eit særleg viktig grep var kjøp av to datamaskinar og ein playstation for 18.000 kroner. Utgiftene vart dekt av ei løyving på 7.000 kroner frå Ungdommens kommunestyre og frå dei 12.000 kroner som klubben kvart år får frå kommunen for å driva klubben.

- Dette nye tilbodet har slege godt an, men det aller viktigaste for ein slik klubb er det sosiale, at vi klarar å skapa eit godt og trygt rusfritt miljø, seier Geir og er raus med rosen til dei unge uskedelingane.

- I ungdomsklubbane vore har det ofte vore eit problem å ta vare på ting og hindra at noko blir ramponert. Men ungdommane som gjekk her siste sesongen var nokre av dei snillaste, greiaste og høfligaste eg har vore borti på desse 11 åra.

Difor var det utruleg artig å vera her sist vinter og eg håpar inderleg at det også held fram slik.

Som tradisjonen tilseier er det også eit innslag av rosendingar i klubben i Uskedalen. Det er vanleg med ein utveksling, slik at rosendingane reiser til Uskedalen på onsdag og uskedelingane til klubben i Rosendal på tirsdagar og fredagar då deira klubb som heiter Exit er ope.

Også denne og Kvinnherad ungdomssenter på Husnes har hatt ein fin start no i haust.

Av Ola Matti Mathisen



Ungdomsklubben Zacko har fått eitt styre og her sit styremedlemmene Ingeborg Lunde og Monica Helen Sæle Kårstad ved dei to nyinnkjøpte datamaskinane. (Foto: Ola Matti Mathisen)